



Jol i Mytiske Telemark

JOLEOPE

laurdag 10. desember frå 12:00–16:00

Holm landhandel

Holmsvegen 102, 3690 Hjartdal

Ope 12:00-16:00. Det blir jolestemning med glødande bålpanne, glitrande juletre, gratis gløgg og uimotståeleg duft frå kjøkkenet. Sindre A. Larsen og Marit Warberg Vestheim opnar for full musikk med minikonsert 12:30. I landhandelen vil du kunne kjøpe lokalproduserte jolegåver til små og store, det blir joleaktivitet for born, pepperkakebakst og jolepyntlagning. Boksignering av «Attende til røtene» med folkloretetekster i utvalg ved Dag Aanderaa og teikningar av Knut M. Nesse. Ei kunstbok som viser det mytiske Telemark ved at 50 stader er representerte med segner, folkeviser eller svartebokoppskrifter.

Kulturlandskapsskulen

Rogrendvegen 13, Hjartdal (150 m frå Holm Landhandel)

Forteljarkonsert 16:00. Det blir jol i songar og segner med Ingvill Buen Garnås og kvedarklubben. Billettar: kr 100,-, vipps til 749 661 eller i døra etter konserten. Born under 15 år gratis. Kle dykk godt, det er eit gamalt hus! Arr: Kulturlandskapssenteret

Telespinn

Blikavegen 22, Svartdal

Ope 12:00-16:00. Mogleg å sjå spinneriet og kjøpe lokalprodusert garn og produkt. Servering av gløgg og pepperkaker ved bålpanna.

Nutheim Gjestgiveri

Flatdalsvegen 1283, Flatdal

Ope 12:00-16:00 for lunsj og kaffi. Elles ope kvar dag for grupper på bestilling, tlf 975 42 705.

I Mytiske Telemark kan du få høyre segner om gygrene, oppleve det magiske ljaset, oppleve den kalde snoen på ski eller truger, sove i gode senger i hus frå mellomalderen og ete mat som er lokalprodusert.

I Flatdal, Hjartdal og Svartdal kan du høyre soger og sjå landskap som har inspirert kunstnarar sidan 1700-talet. Kombinasjonen mellom det blå ljaset, landskapet, folkeferda og bondekulturen lokka dei hit og det gjer det framleis.

Sogevegen slyngjer seg vakkert gjennom landskapet frå Gvammen til Århus og tek deg frå oppleving til oppleving. Ruta kan syklast både sommar og vinter, og vil du traske, så eignar ho seg fint til det også. Du kan sjå kunst og formidling langs ruta.

Det er mogleg å få guida trugetur, guida sykkelstur og guida fjelltur – alt etter sesongen. Freistar det med guida tur, overnatting, historeforteljing og ølsmaking?

Opplevingane i Mytiske Telemark er eit samarbeid mellom Telegardar, Lien Fjellgard, Rørtveit Gard, Uppigard Natadal, Telespinn og Nutheim Gjestgiveri.

mytisketelemark.no / @mytisketelemark
Kontaktperson:
Tone Aanderaa Kiste, tone@kiste.no

**Mytiske
Telemark**

Ei reise i natur og kultur